Lånekassen

Søknad om ettergiving av utdanningslån for låntakarar i Finnmark og Nord-Troms

F

Nynorsk

Namn, adresse og postnummer/-stad

Ordninga gjeld for låntakarar som er busette og yrkesaktive i Finnmark og i desse kommunane i Nord-Troms: Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen og Karlsøy.

OBS! Søknadsfristen er tre månader etter avslutta opptjeningsperiode. For meir informasjon om ordninga, sjå baksida.

1 Fødselsnummer (11 siffer)

Fødselsdato | Personnummer

Kundenummer i Lånekassen

2 Oppteningsperiode (12 månader)

Det er ikkje nødvendig å leggje ved stadfesting på bustad.

	Dag	Månad	År
Frå			
Til			

3 Yrkesutøving

Legg ved dokumentasjon som dekkjer heile oppteningsperioden.

Desse opplysningane må gå fram av stadfestinga frå arbeidsgivaren:
- **arbeidsstad**
- **periode i arbeid**
- **stillingsprosent**
- **om du har hatt permisjon i oppteningsperioden**

Har du vore arbeidsledig, må du leggje ved stadfesting frå NAV.

		Dag	Månad	År
Fulltidsarbeid (100 % stilling)	Frå			
	Til			
Deltidsarbeid (minst 50 %)	Frå			
	Til			
Registrert som arbeidssøkjar	Frå			
	Til			
Omsorgsarbeid	Frå			
	Til			

Omsorg for barn under ti år. Legg ved fødselsattest.

Omsorg for andre. (Om stadfestinga, sjå baksida.)

Oppgi fødselsnummer for yngste barn.
(Legg ved kopi av fødselsattest dersom du ikkje har gjort det tidlegare.)

Har du i tillegg til omsorgsarbeid vore yrkesaktiv utanfor Finnmark eller Nord-Troms? Ja Nei

4 Arbeidsforhold

Arbeidstakar | Sjølvstendig næringsdrivande

Namn på arbeidsgivar eller eige firma

Adresse

Telefonnummer

Sjølvstendig næringsdrivande må dokumentere arbeidsforhold i heile oppteningsperioden ved f.eks. revisormelding eller sjølvmelding med næringsoppgåve.

5 Underskrifta til søkjaren

Eg forsikrar at opplysningane som er gitt i søknaden, er så fullstendige som råd. Lånekassen kan kontrollere at opplysningane er rette.

Dato | Underskrift

Viktig!

1 Søk om ettergiving straks oppteningsperioden er slutt.

2 Vent til du får svar på søknaden før du betaler terminar som har forfall **etter** oppteningsperioden. Du vil ikkje få purring så lenge søknaden er til behandling. Les meir på baksida.

3 Kontakt Lånekassen dersom du har betalt for høgt terminbeløp og ønskjer noko av beløpet refundert.

6 Ikkje skriv i felta nedanfor

B-tekst | Formular M/V

Notat for Lånekassen

Tilskrift (dato/signatur) | Godkjend (dato/signatur)

Slik kan du få ettergiving

For å få ettergiving må du ha budd og vore yrkesaktiv i regionen i tolv månader samanhengande (ein oppteningsperiode).

Du blir rekna som yrkesaktiv dersom du har

- arbeid som tilsvarar minst 50 prosent av fulltidsarbeid
- fulltidsarbeid i minst seks månader og er registrert som arbeidssøkjar til fulltidsarbeid i resten av oppteningsperioden
- dagleg omsorg for barn under ti år
- omsorg for nokon i nær familie som treng særleg omsorg. Legg ved dokumentasjon frå helsestyresmaktene som viser at fulltidsomsorg er nødvendig
- studiepermisjon med lønn/stipend tilsvarande minst 50 prosent av full stilling, der lønna blir betalt frå ein arbeidsgivar i regionen
- bustad i og er skattepliktig til regionen, men arbeider i transportsektoren, på skip eller boreplattform

Rett til ettergiving må opparbeidast

Ettergiving blir gitt på etterskott når du har budd i regionen i tolv månader samanhengande etter at du avslutta utdanninga di, og du elles fyller vilkåra.

Dersom du bur i eller flyttar til regionen, blir opptenings-perioden rekna frå første månadsskifte etter at du begynte i arbeid der.

Dersom du har vore sjukmeld i eit arbeidsforhold, blir det og teke med i oppteningsperioden.

Har du avbrote oppteningsperioden på grunn av førstegongs militær- eller sivilteneste, eller på grunn av utdanning i inntil eitt år, kan tida før avbrotet bli rekna med i oppteningsperioden.

Førstegongs militær- eller sivilteneste gir ikkje rett til ettergiving. Det same gjeld for militære skolar.

Beløp

Beløpet blir fastsett for eitt år om gongen. For oppteningsperiodar som starta i 2006, er beløpet ti prosent av det opphavlege lånet (fråtrekt beløp som er ettergitt etter andre ordningar, eller som ein låntakar har fått utan å ha rett til det). Maksimalt ettergivings-beløp er 25 000 kroner. Er det opphavlege lånet mindre enn 20 000 kroner, blir det likevel ettergitt 2 000 kroner.

Frist for å søkje om ettergiving

Du bør sende inn søknaden straks oppteningsperioden er over. **Kjem søknaden inn til Lånekassen meir enn tre månader etter avslutta oppteningsperiode, misser du retten til ettergiving for heile eller delar av perioden.**

Etter kvar ettergiving får du tilsendt ei oversikt over lånesaldo og rentesaldo, og melding om kor mykje du skal betale det første året etter oppteningsperioden. Terminbeløpet blir fastsett slik at du ikkje betaler meir enn renter og gebyr dette året, fordi sjølve lånet kan bli ettergitt dersom du bur og arbeider lenge nok i regionen.

Vent med å betale terminbeløp som har forfallsdato etter avslutta oppteningsperiode, til du får svar på søknaden. Vi sender ikkje purring så lenge søknaden er til behandling i Lånekassen.

Dersom du har fått ettergiving tidlegare, sender vi ein søknads-blankett til deg når det er på tide å søkje på nytt. Får du ikkje blankett, kan du skrive den ut frå **www.lanekassen.no/blankettar**.

Les om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/tilbakebetaling.

Personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar etter person-opplysningslova. Formålet er å forvalte tilbakebetalinga av lånet i samsvar med regelverket til Lånekassen. Vi kan ikkje gi rettar utan tilstrekkeleg dokumentasjon. Etter personopplysningslova har du mellom anna rett til innsyn i dei opplysningane vi har om deg, og til å rette eventuelle feil. Personopplysningar kan bli utleverte til offentlege styresmakter og andre som har lovheimel til å få utlevert slike opplysningar, til andre som behandlar person-opplysningar på vegner av Lånekassen, og til den personen opplysningane gjeld. Lånekassen kan innhente opplysningar frå andre etter lov om utdanningsstøtte § 23.

www.lanekassen.no gir deg svara!

På **Dine sider** kan du

- søkje om betalingsutsetjing
- søkje om fast rente
- sjekke gjelda
- sjekke neste terminbeløp
- få nedbetalingsoversikt
- sjekke kontobevegelsane
- sjekke innbetalingane
- sjekke omgjering etter eksamen
- finne beløpa til sjølvmeldinga

Logg inn med fødselsnummer (11 siffer) og PIN-kode (4 siffer). Har du gløymt koden din, kan du bestille ny via Dine sider eller Kassafonen. Registrerer du mobilnummeret ditt på Dine sider, kan du få tilsendt PIN-kode på SMS. Du kan også logge deg inn på Dine sider via Miside på noreg.no.

Bruk **Kassafonen**, telefon 04545 (frå utlandet +47 22 72 45 45), dersom du ikkje har tilgang til Internett.

Adresser til Lånekassen

Lånekassen har kontor i Tromsø, Trondheim, Ørsta, Bergen, Stavanger og Oslo. Besøksadresser til kontora finn du på www.lanekassen.no/kontakt. Blanketten sender du til:

Statens lånekasse for utdanning
Postboks 36 Kalbakken
0901 Oslo

Få nyttig informasjon på e-post eller SMS!
Legg inn mobilnummer og e-postadresse på Dine sider.

Organisasjonsnummer NO 960 885 406